



MØTEBOK

Organ	Finansutvalet
Møtestad	Leikanger - fylkeshuset, møterom Sygna
Møtedato	02.05.2018
Kl.	10:00 – 11.05

Faste medlemmer til stades:

Jenny Følling, Sp
Sigurd Reksnes, Sp
Aleksander Øren Heen, Sp
Åshild Kjelsnes, Ap
Hilmar Høl, Ap
Helen Hjertaas, Ap
Karianne Torvanger, Ap
Bjørn Hollevik, H
Noralv Distad, H
Trude Brosvik, Krf
Gunhild Berge Stang, V
Jakob Andre Sandal, Sv
Stein Faleide Malkenes, Mdg

Forfall til møtet:

Karen Marie Hjelmeseter, Sp
Frank Willy Djuvik, Frp

Varamedlemer til stades:

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesrådmann Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Fylkesrådmannen sin stab v/FRM-økonomi

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Finansutvalet valde møteleiar Jenny Følling og Hilmar Høl til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Aleksander Øren Heen, Sp, deltok frå kl. 10.10.

SAK 2/18 Budsjett 2019 / økonomiplan 2019-2022 - Arbeidsdokument 2/18

Handsaming i møtet:

Fylkesrådmannen sine tilrådingar er tekne inn først i kvart punkt. Nummereringa samsvarar med nummereringa i arbeidsdokumentet.

1 REKNESKAP 2017 – RAMMEVURDERINGAR

Finansutvalet tek fylkesrådmannen sine vurderingar knytt til rekneskapsresultatet for 2017 til orientering.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteken.

2 INNSPEL FRÅ HOVUDUTVALA

Finansutvalet tek innspela frå hovudutvala til orientering.

Fylkesrådmannen må kome attende med ei vurdering av ein ev. rammeauke til opplærings- og samferdslesektoren i økonomiplansaka.

Ei ev. kartlegging av nye utbyggingsplanar til kulturinstitusjonane må ha som utgangspunkt at økonomisk medverknad frå fylkeskommunen må løysast innanfor sektorramma til næring og kultur.

Endringsframlegg:

Åshild Kjelsnes, Ap, sette fram følgjande framlegg til ny andre setning til erstatning for fylkesrådmannen si tilråding:

Fylkesrådmannen må kome attende med ei løysing til økonomiplansaka, som sikrar fullføring for dei som tek yrkesfagutdanning.

Jacob Andre Sandal, Sv, sette fram følgjande framlegg til endring av siste setning:

Fjerne ordet ev. i siste setning.

Avrøysting:

Begge endringsframlegga vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen, med dei endringar som følgjer av delavrøystingane, vart samrøystes vedteken.

3 INVESTERINGSBUDSJETTET

3.1 Investeringsprogram bygg og veg - status

Finansutvalet tek statusrapporteringa knytt til investeringsprogrammet til orientering.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteken.

3.2 Nytt opplæringsfartøy

Investeringsprogrammet i 2019 vert auka med 100 mill. kr + mva som skal nyttast til nytt opplæringsfartøy ved Måløy vgs. Investeringa vert finansiert med mva-kompensasjon, 45 mill. kr i avsette fondsmidlar og lån på 55 mill. kr. Tilhøyrande kapitalutgifter og inntekter frå MAREKO/Havbruksfondet på i sum 2,5 mill. kr årleg vert innarbeidd i driftsbudsjettet.

Endringsframlegg:

Finansutvalet sette fram følgjande framlegg til vedtak:
Investeringsprogrammet i 2019 vert auka med 100 mill. kr + mva som skal nyttast til nytt opplæringsfartøy ved Måløy vgs.

Avrøysting:

Tilrådinga frå finansutvalet vart samrøystes vedteken.

4 INNSPEL FRÅ RÅD OG UTVAL

5 FØREBELS SALDERINGSSKISSE

6 VIDARE ARBEID

Punkta 4-6 er utan tilråding.

Dette gir følgjande konklusjonar:

1 REKNESKAP 2017 – RAMMEVURDERINGAR

Finansutvalet tek fylkesrådmannen sine vurderingar knytt til rekneskapsresultatet for 2017 til orientering.

2 INNSPEL FRÅ HOVUDUTVALA

Finansutvalet tek innspela frå hovudutvala til orientering.

Fylkesrådmannen må kome attende med ei løysing til økonomiplansaka, som sikrar fullføring for dei som tek yrkesfagutdanning.

Ei kartlegging av nye utbyggingsplanar til kulturinstitusjonane må ha som utgangspunkt at økonomisk medverknad frå fylkeskommunen må løysast innanfor sektorramma til næring og kultur.

3 INVESTERINGSBUDSJETTET

3.1 Investeringsprogram bygg og veg - status

Finansutvalet tek statusrapporteringa knytt til investeringsprogrammet til orientering.

3.2 Nytt opplæringsfartøy

Investeringsprogrammet i 2019 vert auka med 100 mill. kr + mva som skal nyttast til nytt opplæringsfartøy ved Måløy vgs.

4 INNSPEL FRÅ RÅD OG UTVAL

5 FØREBELS SALDERINGSSKISSE

6 VIDARE ARBEID

Punkta 4-6 er utan tilråding og vedtak.
